

Miljødirektoratet

v/Fylkesmannen i Møre og Romsdal

fmmrpost@fylkesmannen.no

28. mai 2015

KLAGE – LØYVE TIL Å PLANTE SITKAGRAN – GNR 55 BNR 3 I AURE KOMMUNE

Vi viser til vedtak gjort av Fylkesmannen i Møre og Romsdal 7.5.2015, sak 2014/3220. Vi ønsker med dette å klage på fylkesmannens vedtak, og ber om at søknad om utplanting av sitkagran blir avslått. Vi ber også om at klaga får oppsettjande verknad.

Klagetema er i hovudsak manglande kunnskapsgrunnlag om områda rundt utplantingsområdet. Det gjeld naturtypar, og det gjeld kva som er planta frå før.

Kunnskapsstatusen - naturtypelokalitetar



Figur 1. Naturtypar i Aure, henta frå Naturbase.

Naturvernforbundet
Mariboeshgt 8,
0183 Oslo
naturvern@naturvernforbundet.no

SABIMA
Pb. 6784 St. Olavs plass,
0130 Oslo
sabima@sabima.no

WWF-Norge,
Postboks 6784 St. Olavs Plass,
0130 Oslo
wwf@wwf.no

Fylkesmannen opplyser i si vurdering at det er langt til næraste verneområde og inga større biologiske verdiar innafor det areal som planleggast tilplanta. Det nemnast ikkje om fylkesmannen reknar kunnskapsgrunnlaget som tilstrekkelig. Vi meiner at fråveret av naturtypelokalitetar i dette området like gjerne skuldast manglande kartlegging som at slike naturverdiar ikkje finst.

Kunnskapsgrunnlaget

Todalen hadde ei spesiell kartlegging på 1990-talet. På Skardsøya og nord på Tustna har det vore vindkraftprosjekt som har fått sine undersøkingar. Dette gjeld også Ertvågsøya, men her er det ein tilleggsfaktor i at det er eit par kartleggarar som har tilknytning hit. Vidare har det nok vore kartlegging av dei tre kystlyngheilokalitetane i kommunen i samband med ny ferjeløysing til Smøla.

Den delen av kommunen som ligg heilt mot nord er kartlagd noko i samband med veg til Tjeldbergodden på 1990-talet og så kraftliner kring 2005. Mesteparten av dette var såpass langt aust av området denne saken gjeld at ein venteleg ikkje hadde kartlegging mot Dromnes.

Aure er kartlagd ganske godt i nokre få områder, delvis kartlagd i andre område, og kan hende ikkje kartlagd i det heile nokre stader. Vi har ikkje funne noko som tyder på at området mellom Dromnes og Tjeldbergodden har tilfredsstillande kartlegging.

Vi viser elles til oppsummeringa om dette i den siste kommunekartlegginga for Aure kommune: *«Kartleggingane i 2013 og 2014 gir ikke grunnlag for å endre vurderingene av dekningsgrad i naturtypekartlegging for Aure kommune i særlig grad. Et visst unntak gjelder nok områdene rundt Sinnsetten og sør for Røsvatnet på vestlige deler av Tustna, som etter vinterens turer begynner å komme opp på middels dekning for et litt større areal. På den andre siden indikerer de mange nye lokalitetene av til dels høy verdi at store deler av kommunen knapt bør anses som middels godt dekt ennå.»*¹

Heller ikkje den kartlegginga som Bioreg AS har gjort i 2015² har sett nærare på det aktuelle området, ser det ut til.

Når ein ser på eit oversyn over kvar kystlyngheilokalitetane er registrert hen, kan ein sjå at Aure og Hemne kommune har påfallande få lokalitetar. Vi trur dette kan ha noko med karteleggingsomfang å gjere. I så fall er det fullt mogleg at det er ein del kystlynghei i Aure kommune som ikkje er kartlagd.

Det held at det er ein lokalitet med kystlynghei som er oversett i dette området, så vil konklusjonen bli ein annan når det gjeld påverknad av utvalde naturtypar. Andre naturtypar vil også kunne ha ein innverknad på vurderingane.



Figur 2. Kandidat til kystfuruskoglokalitet nord for lokalitet merka 3 avmerka på kartet, figur 4. Foto 22.5.2015 Øystein Folden.


¹ Gaarder, G. 2014. [Supplerende naturtypekartlegging i Aure og Kristiansund kommuner i 2013](#). Miljøfaglig Utredning notat 2014-8. 21 s. + vedlegg.

² [Bioreg \(2015\) Naturtypar i Aure kommune – 2015. Notat frå Bioreg AS til Fylkesmannen i MR.](#)



Figur 3. Kart frå Naturbase, markørane viser kystlyngheilokalitetar.

Som følge av mistanke om mangelfull kartlegging har Øystein Folden oppsøkt området 22.5.2015 for å sjå nærare på kva som finst i dette området. Med vind, regn, haglbyger og vottføre blei synfaringa noko krevjande, så papirarbeid og ein del dokumentasjon blei vanskeleggjort.



Figur 2. Kart frå Gislink, med egne figurar (A-E og 1-10) innlagt etter synfaring. Omsøkt utplantingsområde er markert med gul ring. Figurane er grove og omtrentleg innlagte.

Observasjonar av moglege naturtypelokalitetar i området (Figur 4):

A. Området blei dessverre ikkje oppsøkt. Vi såg på areala på austsida, der det er noko furuskog. Her er det grunt og ein del røsslyngdominert undervegetasjon. Viss områda lenger vest er av same slaget og ikkje har innslag av furu, vil dette kunne vere kystlynghei. Kvaliteten er heilt i det uvisse. Inntrykket frå ortofotoet går i same retning.

B. Ein liten lokalitet av typen sørvendt bergvegg. Det sto osp i området med godt utvikla lungeneversamfunnet. Funn av kystnever (*Lobaria virens*) på osp, rogn, bjørk, daud einer og bergvegg seier ein heil del om området.

C. Kystfuruskog, noko med tre med tverrmål opp mot 50 cm. Har desse vekst som stokkane i tømmerlunna som låg ved vegen ut til Tjeldbergodden, så er det tale om alder minimum 150 år. I området er det også ein del av mindre dimensjon, men moglegvis høgare alder.

D. Lokalitet med gamal lauvskog. Ganske rikeleg med daudved.

E. Myr utan inngrep i storleik 200 dekar er det vel nesten umogleg ikkje å registrere som naturtypelokalitet av noko slag (Figur 5).



Figur 5. Delar av Bakliåsmyran. I framkant ein traktorvegtrase som truleg blir brukt ved frost, heilt i kanten av myra. Foto 22.5.2015 Øystein Folden.

Fleire andre stader såg vi område som venteleg bør registrerast som kystfuruskog, ein del med innslag av daudved.

Etter dette er vår oppfatning at mangelen på naturtypelokalitetar skuldast at det ikkje har vore gjort registreringar. Kunnskapsgrunnlaget er altså veldig mangelfullt.

Plantefelt i området

Det går fram av vedtaket at Fylkesmannen legg til grunn at det alt er plantefelt av sitkagran i området, og har funne spreieing frå desse. Felta det blir vist til er ikkje merka av på kart, og vi har heller ikkje sett noko om kor gamle felta er. Det er i Aure kommune berre ei registrering av sitkagran, og det er ikkje i dette området, så observasjonane av frøspreieing er ikkje innlagt i databasane. Kunnskapen om frøspreieing er lite til hjelp så lenge det ikkje kjem til syne på Artskart. I tillegg er det vanskeleg å forstå kva vurderingar fylkesmannen har gjort så lenge ein ikkje får ei oversikt over kor dei eksisterande plantefelta finst, og kor gamle dei er. Om t.d. alle felta er mogne for hogst innan dei neste 15 åra, vil etableringa av eit nytt felt heilt klart ha noko å seie for frøspreieinga i området.

Vi er ikkje sikre på om det er sitkagran i dette området i det heile tatt. Under synfaring har vi funne plantefelt med lutzgran. I nokre høve har vi funne tre som har karakterar som liknar noko meir på sitkagran, men dei kan ligge innafor det som er variasjonen til lutzgran. Det same gjeld konglane i det eldre bestandet. I kanten av fleire bestand har det vore små planter, men dei har preg av å vere sakteveksande. Dei kan like gjerne vere jamaldra med resten av plantefeltet, men er små som følgje av langvarig sturing.

Søraust for aktuell plantestad var det eit bestand det moglegvis kan stå sitkagran i. Men dette er hogstmodent i løpet av 10-15 år. Då vil ein ved hogst av dette bestandet vere kvitt ei eventuell frøkjelde omtrent på den tida dei første trea i ei nyplanting blir kongleberande.

Fleire plantefelt blei observert (Nummer jf. fig. 4):

1. Lutzgran på grøfta myr. Ca. 25 år. Bestemt på grunnlag av nåleform og spalteopningsstriper (Fleire lyse striper på oversida av nåla i tillegg til lyse band på undersida).
2. Lutzgran på grøfta myr. Så gammalt at det har vore kongleberande. Bestemt på grunnlag av konglar (Figur 6). Det blei funne ein del konglar i grøfta som kjem ut frå plantefeltet.



Figur 6. Kongle med kongleskjelkarakter omtrent midt mellom sitkagran og kvitgran. Kongleskjela er tanna, relativt korte og breie. Frå lokalitet 2. Foto 22.5.2015 Øystein Folden.

3. Ungt felt som ikkje er kongleberande på grøfta myr. Bestemt til lutzgran på grunnlag av nåleform- og spalteopningsstriper.
4. Plantefelt som såg ut til å vere 20-30 år gammalt. I alle fall ein del furu, art ikkje vurdert.

5. Plantefelt truleg kring 30 år gammalt på grøfta myr. Noko blomstring i år, ikkje funn av konglar, men vurdert på grunnlag av nåler til å vere lutzgran.



Figur 7. Del av det omsøkte området. I bakgrunnen til venstre plantefelt av lutzgran (Nr. 5 i figur 4). Til høgre ser det ut til å vere planta furu (Nr. 4 i figur 4). Foto 22.5.2015 Øystein Folden.

6. Eit gammalt plantefelt som vil vere hogstmodent i løpet av 10-15 år. Ein del konglar på bakken, ein del av desse klart lutzgran, men også nokre som liknar mest på sitkagran.

7. Gran, ca. 40 år gammalt.

8. Ca. 10 små tre, halvmeteren høge, som må vere planta. Likna mest på lutzgran, men i alle fall ei plante med karakterar som likna mest på sitkagran. Den sitkagranliknande planta var såpass medtatt at ho truleg vil gå ut.

9. Ca. 30 stk. lutzgran, tverrmål i snitt ca. 15 cm. Bestemt på grunnlag av konglar.

10. 30-40 stk. gran, grove, står litt spreidd, hogstmodne for nokre år sidan.

Bestand 8-10 er små og med form så det ikkje kan bli nemnande kvalitetsvirke. Desse er følgeleg opphav til frøspreiing utan å gi nokon fordel tilbake.

Vi skal ikkje påstå at det ikkje finst sitkagran i dette området, men dei bestanda vi har sett på kan bestå av lutzgran alle saman.

Sitkagran/lutzgran

Når grunngrjevinga for løyvet er at det er sitkagran i området frå før som vil spreie seg, så fell argumentasjonen bort når det ser ut til at mesteparten av denne «sitkagrana» har lutzgrankonglar. Som følge av at både kvitgran (*Picea glauca*) og lutzgran kan krysse seg med sitkagran, er det ein risiko for at det har vore samla hybridfrø frå kongleberande individ av sitkagran, og at det difor kan vera høgst varierende kva for genetisk bakgrunn som trea i dei eksisterande plantefelta har.

Manglande vurdering av samla verknad på det biologiske mangfaldet

I dette området ser vi spor i alle fall av to betydelege faktorar som påverkar naturen.

På Tjeldbergodden blei det for eit par tiår sidan bygd eit stort industrianlegg. Det gjorde eit innhogg i areala i dette området, og ein kan heller ikkje sjå bort frå verknader over tid.

Store areal er grøfta og planta til med i hovudsak lutzgran. Då får ein i tillegg til verknaden av treslagskifte også endring som er knytt til endringar i myra.

I saksutgreiinga til vedtaket manglar det oversyn over plantingane, både med omsyn til areal, alder og treslag. Dette gjer det umogleg å ta stilling til samla påverknad no og over tid framover. Med manglar i kunnskapsgrunnlaget om kva som kan bli påverka, blir denne vurderinga alt for dårleg.

Det finst moglegvis også ein tredje faktor med potensielt stor verknad. Viss det tidlegare har gått ein del husdyr på beite i dette området, og dette har blitt avslutta, vil det gjere noko med areala over tid. Viss dessutan beitinga har blitt erstatta av hjortedyr, så har ein fått auka beiting om vinteren, mellom anna av furuplanter.

Vanskar med å etablere ny skog

Skogen i området er i utgangspunktet seintveksande furuskog, med enkelte parti der det står lauvskog, med osp som det mest kravfulle treslaget, innimellom. På område med noko jordsmonn, blir dimensjonane greie, og det kan vel hende det er ein del stokkar som har betydeleg kvalitet. Men det er eit faktum at skogen står verhardt til. Då må ein også velje ei hogstform som tar omsyn til dette. Flatehogst på areal frå 5 til opp mot 20 dekar i slike område vil føre til problem. Dessutan ser ein møkk og spor etter hjortedyr over alt i dette området. Ein kan ikkje vente å få rask etablering av ny, stadeigen skog når føresetnadene er slike. Då må ein hogge på ein annan måte, og ei anna forvalting av hjorteviltet kan vere nødvendig.

Elles kan ein legge til grunn at det er vind nok til at vindspreiing over lange avstandar er mogleg.

Rømlingkontroll

Ein må legge til grunn at vindspreiing vil kunne skje over lang avstand. Lesida av Røkhaugen og Gangåsen t.d. vil vere godt innafor rekkevidde for spreiring.

Elles er heile industriområdet på Tjeldbergodden inngjerda av tryggingsgrunnar. Viss ein får frøspreiing innafor dette gjerdet, vil fjerning av rømlingar krevje klarering.

Eit krav om rømlingkontroll må elles omfatte planter av lutzgran i tillegg til sitkagran, då ein kan vente at ein får bestøving frå lutzgran og følgjeleg får spreining av kryssinga.

Konklusjon

Området manglar kartlegging av naturtypar. Eksisterande plantefelt er ikkje gjort greie for, verken når det gjeld art, areal eller alder, slik at ein kan gjere vurderingar til om omsøkte tiltak vil auke den negative påverknaden på naturen rundt.

Vedtaket må omgjerast slik at søknaden blir avslått.

Oppsetjande verknad

Sidan det er vesentlege manglar kring kunnskapsgrunnlaget vedtaket bygger på, ber vi om at klaga får oppsetjande verknad.

Med venleg helsing

Honorata Kaja Gajda
rådgjevar i naturmangfald, Naturvernforbundet

Christian Steel
generalsekretær, SABIMA

Heidi Sørensen
teamleder, WWF-Norge